

EIGENERKLÆRING OM LØNS- OG ARBEIDSVILKÅR

Denne stadfestinga gjeld:

Leverandør	Acron Project AS		
Organisasjonsnr.	928 726 037		
Postnr.	4623	Poststad	Kristiansand

Leverandøren er ansvarleg for at eigne tilsette, tilsette hos underleverandørar (herunder også innleigde) har løns- og arbeidsvilkår i høve til:

- Forskrift om allmenngjort tariffavtale.
- Forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar av 8. februar 2008 der denne kjem til bruk.

På område som ikkje er dekte av forskrift om allmenngjort tariffavtale, skal løns- og arbeidsvilkåra vere i høve til landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransjen. Med løns- og arbeidsvilkår meiner ein reglar om minste arbeidstid, løn, medrekna overtidstillegg, skift- og turnustillegg og ulempetillegg, og dekning av utgifter til reise, kost og losji, i den grad slike reglar følgjer av tariffavtalen.

Leverandøren pliktar på førespurnad å dokumentere løns- og arbeidsvilkåra for eigne arbeidstakarar, arbeidstakarar hos eventuelle underleverandørar (herunder innleigde). Opplysningane skal dokumenterast ved mellom anna kopi av arbeidsavtale, lønsslipp, timelister og bankutskrift frå arbeidsgjevaren. Dokumentasjonen skal vere på personnivå og det skal gå fram kven han gjeld.

Dokumentasjonen kan inkludere komplett liste med namn på eigne og eventuelle tilsette til underleverandørar som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten, oversikt over allmenngjorde og/eller landsomfattande tariffavtarar som leggjast til grunn for dei same tilsette og innsyn i leverandøren sine avtalte løns- og arbeidsvilkår med eventuelle underleverandørar.

På førespurnad frå oppdragsgjevar er leverandør plikta til å fyller ut eigenrapporterings-skjema. Eigenrapporteringa skal sendast til oppdragsgjevar innan éin månad etter kontrakten er signert, med mindre anna er avtalt. Eigenrapportering kan krevjast fleire gonger i løpet av kontraktsperioden.

Oppdragsgjevar og eventuell ekstern kontrollør som mottok opplysningane, har teieplikt om opplysningane. Teieplikta gjeld ikkje overfor Arbeidstilsynet eller Petroleumstilsynet, heller

ikkje overfor tilsette eller interne eller eksterne rådgjevarar som er naudsynte for å få språkleg, økonomisk, juridisk eller anna fagleg hjelp. Teieplikta gjeld også for rådgjevarane.

Dersom leverandør eller underleverandør får pålegg frå Arbeidstilsynet som gjeld løns- og/eller arbeidsvilkår, skal leverandøren utan opphald informere oppdragsgjevar ved kopi av pålegget. Om leverandøren eller underleverandøren ikkje utbetrar tilhøva i pålegget innan fristane sette av Arbeidstilsynet, vil dette bli rekna som misleghald av kontrakten.

Ved brot på krava til løns- og arbeidsvilkår skal leverandøren rette tilhøvet innan den fristen oppdragsgjevaren fastset. Der leverandøren sjølv oppdagar slikt brot gjennom internkontroll eller eiga oppfølging av underleverandørar, skal leverandøren utan opphald opplyse oppdragsgjevar om forholda og utbetre forholda innan frist fastsett av oppdragsgjevar.

Oppdragsgjevar har rett til å halde tilbake eit beløp tilsvarande ca. to gongar innsparinga for leverandøren. Tilbakehaldsretten opphøyrer så snart retting etter føregåande ledd er dokumentert.

Vesentleg misleghald av løns- og arbeidsvilkår hos leverandøren kan visast til av oppdragsgjevar som grunnlag for heving, sjølv om leverandøren rettar tilhøva. Om brotet har skjedd i underleverandørleddet (under dette bemanningsselskap), kan oppdragsgjevar krevje at leverandøren skiftar ut underleverandørar. Dette skal skje utan kostnader for oppdragsgjevar.

Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande vilkår.

Underteikna tilbydar erklærer med dette at nemnde plikter vil bli følgt.

Dato: 23.02.2026

Stad: Kristiansand.



.....
Signatur av tilbydarens fullmaktshavar og stempel